



Møte i Studentparlamentet

nr 2/23-24

Onsdag 01. november 2023

Konferanserommet på Rokken

Kl 16.00-20.00

Matservering kl 16.00

Møtestart kl 16.30

Saksliste

| | | |
|-----------------|---|----|
| Sak 12 – 23/24: | Godkjenning av innkalling og protokoll..... | 3 |
| Sak 13 – 23/24: | Godkjenning av sakslista | 3 |
| Sak 14 – 23/24: | Orienteringar | 4 |
| Sak 15 – 23/24: | Suppleringsval, råd og utval ved HVO | 5 |
| Sak 16 – 23/24: | Suppleringsval, vara til Studentparlamentet..... | 6 |
| Sak 17 – 23/24: | Intro til Velferdsgruppa ved HVO | 7 |
| Sak 18 – 23/24: | Innspel til HVO sine investeringsmidlar..... | 8 |
| Sak 19 – 23/24: | Presentasjon av Norsk Innovasjonssenter..... | 11 |
| Sak 20 – 23/24: | Presentasjon av SiVolda og Studentsamfunnet/ Rokken | 13 |
| Sak 21 – 23/24: | Revidering av budsjett 2023 | 14 |
| Sak 22 – 23/24: | Arbeidsprogram 23-24..... | 15 |
| Sak xx – 23-24: | Eventuelt..... | 17 |

Sak 12 – 23/24: Godkjenning av innkalling og protokoll

Type sak: Vedtakssak
Saksframleggar: Ordstyrar
Vedlegg: Vedlegg 1. Protokoll frå møte i Studentparlamentet 12.11.23.

Namneopprop.

AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet godkjenner møteinnkallinga.
Maher Othman og Tuva Bergersen blir valde til teljekorps for møtet.
Studentparlamentet godkjenner protokollen frå møte 12.10.23

(Ordstyrar og referent vart valde for heile året på førre møte og treng ikkje veljast på nytt dersom det ikkje er endringar).

Sak 13 – 23/24: Godkjenning av sakslista

Type sak: Vedtakssak
Saksframleggar: Ordstyrar

Eventuelle merknadar, tillegg eller endringar av sakslista må meldast inn under dette punktet.

AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet vedtek fylgjande sakliste med dagsorden for møtet:

| | | Dagsorden for studentparlamentsmøte | * | Saksframlegg |
|-------|----|---|---|----------------------|
| 16.00 | 00 | Felles middag | | |
| 16.30 | 12 | Godkjenning av innkalling og protokoll | V | Ordstyrar |
| | 13 | Godkjenning av sakliste | V | Ordstyrar |
| | 14 | Orienteringar | O | Leiar |
| 16.45 | 15 | Suppleringsval, råd og utval ved HVO | V | Velferdsansvarleg |
| | 16 | Suppleringsval, vara til Studentparlamentet | V | Fagansvarleg |
| 17.00 | 17 | Intro til Velferdsgruppa ved HVO | O | Velferdsgruppa |
| 17.30 | 18 | Innspel til HVO sine investeringsmidlar | V | Nestleiar |
| 17.50 | 19 | Norsk Innovasjonssenter | O | Gjest |
| 18.15 | 20 | Presentasjon av SiVolda, Rokken og Studentsamfunnet | O | SiVolda |
| 18.40 | 21 | Revidering av budsjett 2023 | V | Internasj. ansvarleg |
| 18.50 | 22 | Arbeidsprogram 23-24 | V | Leiar |
| | | Eventuelt | | |
| 19.30 | | Møteslutt, møtekritikk | | |

Sak 14 – 23/24: Orienteringar

Type sak: Orienteringssak

Saksframleggar: Leiar

AU orienterer om arbeidet i AU og kva som skjer i Studentparlamentet framover:

- Studiebarometeret 2023 – oppfordre medstudentar til å svare!
- Status, sak om gratis sanitærprodukt
- Det blir felles opplæring for studentar i råd og utval 09.11.23. kl 16.00.

Info frå studentrepresentantar i råd og utval og tillitsvalde

Info frå studentane i styret i SiVolda og Høgskulestyret

- Nazamina Khan og Sindre Skarstein Fossmo er valde inn i Høgskulestyret. Ann Christin Jensen Havdalen og Maher Othman er varamedlemmar. AU vil invitere dei for å presentere seg for Studentparlamentet på eit seinare tidspunkt.

Info frå representantar i Studentparlamentet

Sak 15 – 23/24: Suppleringsval, råd og utval ved HVO

Type sak: Vedtakssak
Saksframlegg: Velferdsansvarleg

Amalie Benberg vart vald til fast studentrepresentant til Skikkanemnda på førre møte. Ho har trekt seg frå dette vervet. Vararepresentantar rykkjer dermed opp, og samansetjinga av studentar i utvalet ser då slik ut:

1. Joachim Selsbakk Hansen
2. Elisabeth Myrås Olsen
1. vara: Tuva Bergersen
2. vara: ledig verv

AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet vel ny 2. vara til Skikkanemnda for studieåret 23-24.

Bakgrunn

Studentane som sit i Skikkanemnda må gå på studium som har skikkavurdering, altså barnevern, sosionom, barnehagelærer eller grunnskulelærer. Det er eit ønske frå Høgskulen si side med kjønnsbalanse mellom representantane. Studentane som blir valde til Skikkanemnda, kan ikkje samstundes sitje i Nemnd for studentsaker (tidl. Klagenemnda).

Skikkanemnda handsamar saker etter Forskrift om skikkavurdering i høgare utdanning, heimla i Universitets- og høgkulelova § 4-10, som på landsbasis omfattar om lag 25 ulike pedagogiske og helse- og sosialfaglege utdanningar. På desse studia skal det gjerast ei heilskapsvurdering av alle studentane gjennom studietida om dei er skikka til yrket. Ein student som kan utgjere ein mogleg fare for sine barnehagebarn/elevlar/ eller pasientar/klientar/ brukarar sitt liv, psykiske og fysiske helse eller tryggleik, er ikkje skikka for yrket. [Ved tvilsmelding](#) (skriftleg grunngjeven tvil om ein student er skikka), skal nemnda gjere ei skikkavurdering.

Vervet er honorert etter statlege satsar, per dato 518 kr. per time

Møte finn stad etter behov.

Les meir her: <https://www.hivolda.no/students%C3%B8rvis/regelverk/skikkavurdering>

Sak 16 – 23/24: Suppleringsval, vara til Studentparlamentet

Type sak: Vedtakssak

Saksframlegg: Fagansvarleg

Sidan Studentparlamentet har ledige varaplassar, arbeider AU med å finne studentar som kan tenkje seg å ta på seg varaverv for studieåret 23-24. Liza Wilhelmina Neuwenhuis går på musikk 1. året, og har sagt seg villig til å vere vara for kulturfag.

AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet vel Liza Wilhelmina Neuwenhuis som 1. vara til Studentparlamentet for avdeling for Kulturfag.

Sak 17 – 23/24: Intro til Velferdsgruppa ved HVO

Type sak: Orienteringssak
Saksframlegg: Gjestar: Velferdsgruppa

Studentparlamentet får besøk av nokre av medlemmane i Velferdsgruppa ved HVO, som består av blant andre studenthumanist, studentprest og studentrådgjevar ved SiVolda. Dei vil presentere seg sjølv og arbeidet sitt med lågterskel sosiale tiltak, velferdstiltak og samtaletilbod for studentane ved Høgskulen.

På programmet framover, har dei «Eksamensboost», der frivillige studentar gjerne må bli med og bidra på ulike aktivitetar.

Bakgrunn

Les meir om samtaletilbodet og velferdstilbodet ved HVO her: <https://www.hivolda.no/ny-student/studentvelferd-ei-god-studietid-volda>

Sak 18 – 23/24: Innspel til HVO sine investeringsmidlar

Type sak: Vedtakssak
Saksframlegg: Nestleiar
Vedlegg: Vedlegg 2: notat med innstilling, prioritert liste frå AU

Kvart år set høgskulen av midlar til nyinvesteringar på høgskuleområdet. Både avdelingane og Studentparlamentet har høve til å spele inn behov og ønske for kva som trengst av oppgraderingar på campus. Studentparlamentet hadde saka til debatt på førre møte (sak 10/23-24), og saka vart også drøfta på allmøte for tillitsvalde 24.10.23, der vi fekk inn mange innspel, både muntleg og gjennom denne [padlet'en](#).

AU sitt forslag til vedtak:

AU kjem tilbake med ei prioritering av lista under ut i frå dei ulike tiltaka som er spelt inn. Enkelte av innspela vil AU også anbefale at blir spelt inn som retting av feil/manglar/avvik uavhengig av investeringsmidlane.

Oversikt over alle innspela AU har fått frå medlemmar i Studentparlamentet, samt tillitsvalde på studieprogramma:

| Tiltak | Vurdering/ prioritering frå AU |
|--|--------------------------------------|
| AU sine kategoriar for prioritering: | |
| Grønt – 1. pri | |
| Gult – 2. pri | |
| Oransje – ikkje prioritert i år og/eller ikkje relevant | |
| Raudt – ikkje relevant for investeringsmidlane, men AU vil følgje opp gjennom å melde inn som feil/avvik | |
| Gamle Kaarstad | |
| Vonde stolar på klasseromma | |
| Smøring av knirkete stolar | |
| Trekkfulle vindauge på klasserom KAA 108, KAA 208 | |
| Heis i ustand. Går ut over personar med nedsett funksjonsevne, studentar med barnevogn m.fl | |
| Vatnet i vassautomatane har dårleg smak, bør skiftast, evt få ordentleg kran som på BK. Studentar fyller heller vatn på toalettet enn å bruke dei. | |
| Meir sitjeplassar i alle etasjar | |
| Kaldt i klasseromma | |

| | |
|--|--|
| Fleire stikkontakter på grupperomma på KAA | |
| Kaffimaskin. Tungvint å måtte til BK for kaffi | |
| «Nye» Kaarstad | |
| Manglande universell utforming på inngangsdør til treverkstaden | |
| Betre ventilasjon og varme på kunstavdelinga + musikk, teater og drama. Glovarmt om sommaren, iskaldt om vinteren på klasserom/ spesialrom | |
| Nye stolar på teiknesalen med hjul og hev/senk-funksjon. Gi betre arbeidsstilling for studentane | |
| Kaffimaskin. Tungvint å måtte til BK for kaffi | |
| Lydisolasjon på teater og dramaseksjonen | |
| BK | |
| Fleire bord, sitjeplassar og møblement 1. etg. og 2. etg. på biblioteket. Fleire gode stolar. | |
| Fleire grupperom | |
| Ubhagelege «gyngestolar» på undervisningsrom 1. etg. BK | |
| Manglar stikkontakter på undervisningsrom 1. etg. BK | |
| Behov for fleire sitjeplassar i fellesareal 2. etg. BK. Dei minste, nye sitjegruppene fungerer ikkje så godt, er plass til fleire av dei største setta (6-8 pers) med sitjegrupper, flytt heller dei minste (2 pers) mot trappa. | |
| Meir sosiale møblar på fellesarealet 2. etg. Dei nye blir opplevd som lukka. | |
| Oppgradering av aviskroken utanfor biblioteket | |
| Sivert Aarflot | |
| Problem med skjermar på klasserom til PR-studentane | |
| Tilgang til SAA for studentar som ikkje går der. Må merkast og fiksast. | |
| Aasen | |
| Brusautomatar i ustand – får ikkje ut det ein har betalt for | |
| Manglar stikkontakter Aasen auditorium | |
| Generelt HVO | |
| Dårleg internettforbindelse | |
| Kaldt i kantina | |
| Hev/senk-pultar på leseplassar bibliotek, grupperom, masterlesesal | |
| Generelt kaldt på HVO | |
| Ønske om fleire brusautomatar på campus | |
| Undervisning på Uppheim: ikkje plass til alle på barnevern/sosionom, må sitje/stå bakerst med PC på fanget. Vanskeleg å halde ut ein heil undervisningsdag. | |
| Har biblioteket avslutta abonnement på enkelte aviser? Saknar Vårt Land. | |
| Fast kaffiavtale | |
| Meir kunst rundt på campus. Gjerne frå eksisterande eller avgåtte studentar. | |
| Det manglar bilete av Mediebygget på skiltet av Campus utanfor Kaarstad | |
| Uteområde HVO | |
| Fleire utemøblar på campus | |

| | |
|---|--|
| Parkeringsbevis. Unngå at p-plassar blir okkupert av folk som ikkje høyrer til på HVO | |
| Fleire parkeringsplassar | |
| Breidare parkeringsluker tilpassa dagens bilar | |

Sak 19 – 23/24: Presentasjon av Norsk Innovasjonssenter

Type sak: Orienteringssak
Saksframlegg: Gjest, prosjektleiar Norsk Innovasjonssenter

Vi får besøk av prosjektleiar Nina Viddal i Norsk Innovasjonssenter. Ho vil presentere planane for det nye Aasen-kvartalet som skal realiserast dei komande åra, der Norsk Innovasjonssenter har store planar som vil løfte campus-området. Det gamle Aasen-bygget skal rivast når Strøm-bygget blir tatt i bruk, og det skal kome eit heilt nytt kvartal med alt frå auditorium, kafe, arbeidsrom, skaparrum og hotellfunksjon på toppen. Høgskulen vi vere ein av leigetakarane når bygningsmassen står klar.

Bakgrunn

Les meir her: <https://norskinnovasjonssenter.no/>

Skisse av det nye kvartalet. Byggjetrinn 1 i framkant (tomta til dagens Aasen-bygg). Byggjetrinn 2 til høgre i biletet (parkeringsplass og eit eldre trehus ligg der i dag). Byggjetrinn 3 bak byggjetrinn 1 (arealet der paviljongane ligg i dag). Parkeringskjellar under bygga.



Høgskulen i Volda, Volda kommune, Møre og Romsdal fylkeskommune og Sunnmøre Kulturnæringshage AS har sidan 2016 jobba med å realisere eit innovasjonssenter på høgskuleområdet. Selskapet Norsk Innovasjonssenter AS er etablert, og det er gjennomført arktiekttkonkurranse.

Innovasjonssenteret vil bli ein del av eit heilt nytt kvartal på høgskuleområdet, og første byggetrinn er å byggje eit nytt Aasen-bygg der det gamle Aasen-bygget står i dag. Det nye Aasen-bygget vil med ei grunnflate på 2.500m² ha dobbelt så stor plass i kvar etasje som det gamle bygget, og i tillegg ha parkeringskjellar under.

Førebels planlagt byggestart er i 2024, og planlagt innflytting av første byggjesteg (nye Aasen-bygget) er i 2026.

Sak 20 – 23/24: Presentasjon av SiVolda og Studentsamfunnet/ Rokken

Type sak: Orienteringssak
Saksframlegg: Gjestar, styreleiar SiVolda og Studentsamfunnet/Rokken

Studentparlamentet får besøk av styreleiar i SiVolda, student Sindre Rabben Tronstad, saman med representantar for Studentsamfunnet og Rokken. Dei vil orientere om studentsamskipnaden og aktiviteten på Rokken. Studentsamskipnaden SiVolda er ein heilt sentral velferdsorganisasjon for studentane, der studentane har stor moglegheit for å påverke den vidare drifta og utviklinga.

Gjennom arbeidsprogrammet vårt, samt dialog med SiVolda og Rokken, kan Studentparlamentet medverke til korleis SiVolda skal utvikle seg framover. Kva velferdstilbod bør prioriterast og kva kan forbeholdast og vidareutviklast?

Bakgrunn

Om studentsamskipnadane i Noreg

Studentsamskipnadane er ideelt drivne institusjonar som ivaretek studentane si velferd ved dei ulike studiestadane. Dei organiserer velferdstilbod som studentbustader, kantine, kafear, studenthus, studentidrett og treningstilbod, studentbarnehagar, studenthelseteneste, rådgjevings- og psykologteneste med meir.

Studentsamskipnadane er ideelle, private aktørar. Dei er finansiert av semesteravgifta, samt statleg støtte, i tillegg til inntektene frå drifta av tenestene, som kantine, bustader m.m. Alt av overskot i tenestetilbodet går tilbake til drifta, og kjem studentane til gode i form av å subsidiere eller vidareutvikle velferdstilbodet.

Studentsamskipnaden i Volda

Les meir på nettsidene til [SiVolda](#).

SiVolda sin [strategiske plan 2022-25](#).

Sak 21 – 23/24: Revidering av budsjett 2023

Type sak: Vedtakssak
Saksframlegg: Internasjonalt ansvarleg

AU ser behov for å justere nokre av postane på budsjettet for å treffe betre med dei resterande utgiftene Studentparlamentet vil ha dette året. Studentparlamentet har søkt og fått tildelt fondsmidlar frå NSO på nærare 50.000 kr til gjennomføring av overlappsseminar for avtroppande og påtroppande AU i mai og for oppstartsseminaret for det nye parlamentet i oktober. Det betyr at vi har brukt vesentleg mindre av våre eigne midlar til budsjettpostane «sosialt» og «kurs og seminar» enn det som var lagt opp til i budsjettet.

Her er driftsbudsjettet med rekneskapet slik vi ligg an per 25.10.23.

| Utgifter | Budsjett 2023 | Rekneskap 2023 | Til gode |
|------------------------------------|-------------------|---------------------|---------------------|
| Drift av Studentparlamentet | | | |
| Kurs og seminar | kr 25 000 | kr 9 430,12 | kr 15 569,88 |
| Møter | kr 30 000 | kr 24 216,60 | kr 5 783,40 |
| Info og profilering | kr 30 000 | kr 36 643,75 | -kr 6 643,75 |
| Sosialt | kr 25 000 | kr 615,70 | kr 24 384,30 |
| Drift/kontor/anna uforutsett | kr 10 000 | kr 3 918,28 | kr 6 081,72 |
| Sum Drift | kr 120 000 | kr 74 824,45 | kr 45 175,55 |

AU ser behov for å flytte over meir midlar til info og profilering og til møtegjennomføring, og føreslår denne fordelinga:

- 13.000 kr frå «kurs og seminar» til «info og profilering»
- 5.000 frå «sosialt» til «møter»

AU grunngjev dette med at det ikkje er lagt opp til reise/deltaking på fleire kurs og seminar dette året, medan vi har fleire ting vi ynskjer å kjøpe inn for å profilere Studentparlamentet meir aktivt. På budsjettposten «sosialt» må vi behalde nok midlar til å dekkje kostnader ved juleavslutning og enkelte mindre aktivitetar fram mot jul, medan vi ser at budsjettposten «møter» kan trenge litt auke i og med at innkjøp av møtemat har stige i pris det siste året.

AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet reviderer budsjettet slik:

- 13.000 kr blir flytta frå budsjettposten «kurs og seminar» til «info og profilering»
- 5.000 frå budsjettposten «sosialt» til «møter»

Bakgrunn

Studentparlamentet vedtek kvart år eit driftsbudsjett der det framgår korleis driftstilskotet vi får frå SiVolda og HVO skal brukast. Midlar vi får i tilskot eit år kan ikkje overførast til neste år, så det er difor viktig at Studentparlamentet til ei kvar tid har eit så realistisk budsjett som mogleg.

Sak 22 – 23/24: Arbeidsprogram 23-24

| | |
|---------------|---|
| Type sak: | Vedtakssak |
| Saksframlegg: | Leiar |
| Vedlegg: | Vedlegg 3 – Arbeidsprogram for Studentparlamentet 22-23 Vedlegg 4 – Prinsippprogram for Studentparlamentet 22-26 Vedlegg 5 – blir ettersendt. Innstilling frå AU på nytt arb.program. |

Kvart år vedtek Studentparlamentet eit arbeidsprogram som definerer nokre hovudområde som Studentparlamentet vil prioritere. Dokumentet blir styrande for korleis AU legg opp arbeidet og kva som vert prioritert gjennom året.

Studentparlamentet starta diskusjonen på sist møte, 12.10.23. og skal på dette møtet vedta årets arbeidsprogram. AU arbeider vidare med innspela, og vurderer at arbeidsprogrammet med fordel kan bli meir spissa og konkret på kva ein vil arbeide med i løpet av året. AU vil ettersende dokument med innstilling til nytt arbeidsprogram 23-24.

AU sitt forslag til vedtak:

Blir ettersendt.

Bakgrunn

[Lenke til Padlet frå sist møte.](#)

Oppsummering av innspel i padlet'en:

| Overordna: positive og negative sider ved studielivet i Volda | |
|---|--|
| Volda har mange ulike tilbod, studentorganisasjonar og festivalar som gjer det mogleg å finne noko som passar for ein kvar | |
| Liten stad, lett å bli kjent med folk | |
| Låge bustadprisar gjer det økonomisk lettare for studentane i Volda | |
| Lite engasjerte medstudentar | |
| Psykisk helse | |
| Bra med fokus i oktober på psykisk helse | |
| Halde fram med lågterskeltiltak som «Mat og prat» og «Hurtigvenn» | |
| For få psykologstillingar, lange ventelister for psykisk helsehjelp. Behov for å samarbeide meir med kommunen for å auke kapasiteten. | |
| Gjere eksisterande tilbod meir kjent | |
| Fleire lågterskel møteforum, eks. temamøte med fagleg fokus | |

| | |
|--|--|
| Fagkveld korleis handtere psykisk helse | |
| Utvide velferdsgruppa – meir ressursar til lågterskeltiltak og samtaletilbod | |
| Studentvelferd | |
| Juleverkstad med graut og gløgg før jul | |
| Fritidsklubb – stad å vere utan å måtte bruke pengar | |
| Gratis frukost | |
| Fleire sosiale event, meir ressursar til dette | |
| Gratis sanitærprodukt | |
| Studiekvalitet | |
| Eksamensboost veldig bra tiltak, fortsette med det | |
| Fleire lågterskeltilbod med fagleg input. Faglege arrangement kan bidra til å byggje sosialt nettverk og finne felles interesse mellom studentane. | |
| Halde fram med skrivehjelp og kurs i akademisk skriving på biblioteket | |
| | |

Sjå også vedlegg med fjorårets arbeidsprogram, samt det overordna prinsippprogrammet til Studentparlamentet som går over 4 år.

Sak xx – 23-24: Eventuelt

Type sak:

Saksframlegg:

Møtekritikk etter formell møteslutt.